



Dei jobba hardt men publikum kom ikkje. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ex-husnesingane Morten Hjøлло og Terje Frigaard jobba så det dundra både i Dønhaug Gjestegard og området rundt utover laurdagskvelden. Likevel vart ikkje dette den Rock Explosion som både dei og verten hadde satsa på - det kom altfor lite publikum.**



Finn tonen saman. (Foto: Knut A. Myklebust)

Bortimot midnatt var berre vel 100 entusiaster på plass for å rocka med og Magne Huglen hadde trong for 50 betalande til for at 'Hjøllo Frigaard Rock Explosion' skulle gå nokonlunde i balanse.

Når det gjelder grunnane til at det ikkje kom fleire på ein vermessig ideell kveld, må ein nok ta med i reknestykkjet at det skjedde så utruleg mykje anna rundt i distriktet og nærleiken denne dagen. Og så er det i tillegg kanskje slik at låvedans trass i alt har eit naturleg metningspunkt etter ei tid?

Når dette er sagt skal det seiast at Hjøllo og Frigaard jobba hardt for honoraret og at dei har eit vellukka kompaniskap i ein ny musikalsk vår. Det viste dei også på Vift og under Skånevikfestivalen i fjor. Hjøllo har kome sterkt og kraftfullt attende etter ei sjukdomspause. Han har da også litt av ei fortid som inventar på Divin Ducks langt attende i det førre hundreåret og var den første heiltidsrockar frå Husnes! Når det gjeld Frigaard kan han nærmast reknast som fast inventar på Dønhaug.

Laurdag spela dei i tillegg til eigne låtar coverlåtar frå grupper som Van Halen, ZZ Top, Black Sabbath og Whitesnake.

Av Ola Matti Mathisen



Raud rock på Dønhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)